

# ÅRSPLAN 2005

Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning

Lesesenteret

## INNHALD

1. Presentasjon av Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning	2
1. Mål og strategi	3
3. Operativ plan 2005	3
2. Fordeling av årsverk på ulike arbeidsområde	14
3. Personal- og organisasjonsplan	15
4. Økonomi	17

## 1. Presentasjon av Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning

Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning blei etablert som spesialpedagogisk kompetansesenter i 1992. Senteret var då lokalisert ved Stavanger lærarhøgskole, og blei frå 1.1.1995 lagt inn under den nye Universitetet i Stavanger. Stillingar og driftsmidlar blei frå same tidspunkt overført frå kap 243 til kap 274. Departementet føresette ved overføringa at senterets oppgåver som spesialpedagogisk kompetansesenter skulle først vidare i same omfang som før høgskolefusjonen. Samtidig vart det bestemt at senteret skulle ha oppgåver innan undervisning, forskning og forskarutdanning ved Universitetet i Stavanger.

Denne kombinerte modellen blei vidareført i samband med behandlinga av St. meld. 23 (1997-98). Tanken med ein slik kombinert modell er at forskning og utviklingsarbeid på høgt nivå skal kunne styrke tenestetilbodet overfor kommunane, og på den andre sida, at røynslene frå praksis skal gjere undervisning og forskning meir relevant. Det er såleis ingen motsetnad mellom senterets oppgåver som kompetansesenter og oppgåvene innan universitetet. Det vart inngått ein samarbeidsavtale mellom universitetet og Statped om dei spesialpedagogiske kompetansesentra som slår fast prinsippa for tilhøvet mellom arbeid innan støttesystemet og universitetet. Senterets plass i Universitetet i Stavanger (Frå 1.1.05 Universitetet i Stavanger) har blitt sterkare fokusert dei seinare åra. Ved omorganiseringa av universitetet er senteret knytta til Det humanistiske fakultetet. I samband med gjennomføring av kvalitetsreforma har ein vurdert korleis senteret med sin kompetanse kan styrkje grunnutdanning og vidareutdanning av lærarar. Som ein del av universitetsstrategien søkte universitetet om rett til å tildele doktorgrad i spesialpedagogikk. Denne søknaden vart innvilga våren 2003, og universitetet tilbyr no ei eiga forskarutdanning innanfor dette fagområdet. Lesesenteret har det faglege ansvaret saman med Senter for atferdsforskning og Avdeling for lærarutdanning (frå 1.1.04 Institutt for allmennlærarutdanning og spesialpedagogikk).

Senteret har frå 1.1.2004 fått nye oppgåver som nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning på breid basis. Utdannings- og forskingsdepartementet oppretta dette tiltaket som ein del av ei større satsing på å betre lese- opplæringa og fremje leselyst særleg blant barn og unge. Etablering av et nasjonalt senter for lesing inngår i tiltaksplanen "Gi rom for lesing!" som UFD har sett i verk i tidsromet 2003-2007. Denne tiltaksplanen blir revidert i april 2005. I samband med reformen av den sentrale utdanningsadministrasjonen, er oppfølgingsansvaret for senteret overført frå UFD til Utdanningsdirektoratet. Dette er eit såkalla "§18-tiltak, som inneber at tiltaket blir lagt til senteret, men blir styrt frå Utdanningsdirektoratet.

## 2. Mål og strategi

Den kombinerte modellen - dette at senteret som fagmiljø har både nasjonale oppgaver og oppgaver innan universitetet - gjev senteret spesielle utfordringar av fagleg art. Som ein del av det spesialpedagogiske støttesystemet skal senteret yte landsdekkande spesialpedagogiske tenester overfor utdanningssystemet på kommunalt/fylkeskommunalt plan, framfor alt gjennom formidling av kompetanse innan senterets fagområde, lese- og skrivevanskar. Som eit nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning skal senteret også yte tenester på eit meir allmennpedagogisk område knytt til leseopplæring og stimulering av leselyst.

Som ein del av eit universitet har senteret oppgaver innan undervisning og rettleiing av studentar, forskning og formidling, nasjonalt og internasjonalt. Senteret har utarbeidd ein eigen langsiktig plan for tidsromet 2005-2008. Senteret har under utarbeiding ein eigen forskingsstrategi. Mål og strategiar for senteret heng saman med mål og strategiar i dei systema senteret inngår i. Utfordringa for senteret blir dermed å konkretisere og realisere ulike mål og strategiar på ein slik måte at det ikkje blir ein motsetnad mellom dei, men ein styrke for alle systema.

Når det gjeld dei nye oppgåvene som nasjonalt senter for leseopplæring, har senteret fått eit eige mandat frå UFD. Med dette mandatet har dei nasjonale oppgåvene for senteret blitt utvida. Årsplanen gjer greie for dei oppgåvene senteret har både innanfor Universitetet i Stavanger, innanfor det spesialpedagogiske støttesystemet og innen skole- og opplæring generelt.

## 3. Operativ plan for Lesesenteret 2005

Lesesenteret har tre ulike arbeidsområde. Desse områda heng nøye saman og går over i kvarandre. Dei som er tilsette ved Lesesenteret, kan ha arbeidsoppgåver innanfor alle arbeidsområda.

1. Arbeidsområde som spesialpedagogisk kompetansesenter for lese- og skrivevanskar/dysleksi.
2. Arbeidsområde som nasjonalt kompetansesenter for leseopplæring og stimulering av leselyst knytta til tiltaksplanen *Gi rom for lesing!*
3. Forsking, forskarutdanning, undervisning og rettleiing ved ulike utdanningstilbod innanfor Det humanistiske fakultetet ved Universitetet i Stavanger.

Som nasjonalt kompetansesenter og som fagmiljø innanfor universitetet har Lesesenteret til oppgave

1. å drive forskings- og utviklingsarbeid og forskingsdokumentasjon på høgt nivå både i samband med lese- og skrivevanskar/dysleksi og på eit meir allmennpedagogisk område i forhold til lesing og skriving.
2. å delta aktivt i arbeidet med å formidle informasjon til og utvikle kompetanse for aktuelle brukargrupper i heile landet.
3. å gje råd i samband med kartlegging og diagnostisering av lesevanskar. Ved meir alvorlege tilfelle av dysleksi, også gje tilbod om diagnostisering.
4. å gje undervisning og rettleiing på sitt fagområde innanfor universitetets ulike studietilbod.
5. å gje forskarutdanning og rettleiing innan sitt fagområde ved Universitetet i Stavanger.

Målgrupper for senterets arbeid er i fremste rekkje utdanningssystemet på kommunalt/fylkeskommunalt nivå og innan høgre utdanning og forskning. Senteret samarbeider med andre kompetansesenter, med universitet og høgskolar, med fylkesmennene og brukarorganisasjonar. Senteret samarbeider også med sentrale styresmakter, slik som Utdannings- og forskingsdepartementet, Utdanningsdirektoratet, Sametinget, og andre. Senteret samarbeider internasjonalt om forskning og formidling.

Dei tenestene senteret yter, blir grupperte under desse hovudområda:

1. Forsking, forskarutdanning og utviklingsarbeid
2. Undervisning og rettleiing
3. Kurs og konferansar
4. Nettverksarbeid
5. Diagnostisering og rådgjeving
6. Informasjonsarbeid

Ressursane til verksemda kjem frå ulikt hald:

1. Tildeling over universitetets budsjett som skal nyttast til arbeidsområde 1 og 3. For 2005: 8,5 mill.
2. Tildeling frå Utdanningsdirektoratet som skal nyttast til arbeidsområde 2. For 2005: 6 mill med fråtrekk av 1 mill til UiS.
3. Eksternt finansierte oppdrag til bestemte prosjekt frå ulike finansieringskjelder. I alt om lag 8 mill.

Operativ plan for senteret 2005 er eit styringsinstrument. Planen er ei prioritering og kvantifisering av oppgåver senteret vil arbeide med i komande år. Vektinga av dei ulike tiltaka er gjort skjønnsmessig i form av (delar av) årsverk. Ein samla profil med fordeling på årsverk blir tatt med i form av ein tabell. Senteret tar eit generelt atterhald om at

årsplanen kan bli endra ved at det anten kjem til nye tiltak i løpet av året, eller at planlagde tiltak må utsetjast eller stansast.

### 3.1. Forsking og utviklingsarbeid

Lesesenteret vil i 2005 ha ein omfattande aktivitet innan

- Forsking og forskarutdanning
- Utviklingsarbeidarbeid
- Kompetanseutvikling av eige personale

#### Doktorgradsprosjekt:

- *Doktorgradsprosjekt: "Normal staveutvikling hos norske barneskoleelever" ( Astrid Skaathun). Rettleiarar: Finn Egil Tønnessen og Sven Strömqvist*
- *Doktorgradsprosjekt: " The construction of phonology in speech- and writing-related research." (Per Henning Uppstad) Rettleiar: Sven Strömqvist*
- *Doktorgradsprosjekt: " Lesebegrepet og begrepsvaliditet" (Oddny Judith Solheim) Rettleiar: Finn Egil Tønnessen, Sven Strömqvist og Susanne Begnum*
- *Doktorgradsprosjekt: "Lese- og skriveferdigheter ved prepsykose og tidlige psykotiske tilstander"( Sigrun Hodne) Rettleiarar: Finn Egil Tønnessen, Sven Strömqvist og Tor Kjetil Larsen.*
- *Doktorgradsprosjekt: Begynnaropplæring frå 1. klasse. Eit finsk-norsk samarbeidsprosjekt (Førebels tittel) (Anne Elisabeth Dahle) Rettleiar: Pekka Niemi*
- *Rettleiing av Liv Larsen Stray: Motoriske vanskar hos barn med AD/HD. Rettleiar: Bjørn Ellertsen*
- *Rettleiing av Torstein Stray: Økologisk validering av kartleggingsverktøyet DatKon. Rettleiar: Bjørn Ellertsen*
- *Rettleiing av Elin Reikerås: " Samanhengen mellom matematikkvanskar og lese- og skrivevanskar". Rettleiarar: Snorre Ostad og Finn Egil Tønnessen*

Omfang: Om lag 5,2 årsverk

#### Internasjonale forskingsprosjekt:

- *Den genetiske og miljømessige påverknaden på lese- og skrivevanskar (Tvillingprosjektet). Eit samarbeidsprosjekt med professorane Richard Olson (USA) og Brian Byrne (Australia) (Stefan Samuelsson). Dette prosjektet har også ei grein i Linköping med midlar frå Svenska vetenskapsrådet.*
- *Den norske delen av ALL-prosjektet (Adult Literacy and Life Skills) (Egil Gabrielsen)*

- *Den norske delen av PIRLS-prosjektet 2001 og 2006 (Progress in International Reading Literacy Study) (Ragnar Gees Solheim, Finn-Egil Tønnessen og Nina Nøttaasen Gabrielsen )*
- *Lesedugleik hos tospråklege elevar - rapport (Del av PIRLS-prosjektet) (Åse Kari H. Wagner)*
- *Kvalitativt forskingsprosjekt med tospråklege elevar i nokre skolar i Stavanger (Åse Kari H. Wagner)*
- *Samarbeid om vidareutvikling av ScriptLog (Sven Strömqvist, Per Henning Uppstad)*
- *Foundation of Literacy Aquisition in Nordic Orthographies med midlar frå NOS-S (Finn Egil Tønnessen og Åke Olofsson)*

Omfang: Om lag 3 årsverk

#### Nasjonale forskings- og utviklingsprosjekt:

- *Dysleksi og komorbiditet (Ann-Mari Knivsberg)*
- *Elevar med vedvarande lese- og skrivevanskar (Ann-Mari Knivsberg i samarbeid med Karl-L. Reichelt, Rikshospitalet)*
- *Barn med AD/HD-symptom (Magne Nødland, Karl-L. Reichelt, Ann-Mari Knivsberg og Finn Egil Tønnessen)*
- *"6-åringar med problemåtferd" (Ann-Mari Knivsberg, Karl-L.Reichelt, Synnøve Iversen, Magne Nødland og Bjørn Ellertsen)*
- *Systemutvikling for habilitering av elevar med store lesevansker (Anne Brit Andreassen, Ann-Mari Knivsberg, Pekka Niemi)*
- *"Resistant learners" – Ein teoretisk og empirisk studie (Pekka Niemi, Finn Egil Tønnessen)*
- *Innsamling av data frå obligatorisk bruk av kartleggingsprøvar 2. og 7. klasse. (Liv Engen, Marit Petersen Oftedal, Ragnar Gees Solheim)*
- *Utvikling av leseprøvar for samiske elevar (Ragnar Gees Solheim i samarbeid med Opplæringsavdelinga - Sametinget)*
- *Utvikling av leseprøve for samiske elevar i vidaregåande opplæring (Ingolv Austad i samarbeid med Opplæringsavdelinga – Sametinget)*
- *Hå-prosjektet – eit samarbeidsprosjekt mellom SLF og Hå kommune. "Paraplyprosjekt" for fleire delprosjekt:*
  - *Kompetanseoppbygging (Bjørn Ellertsen)*
    - *Rettleiing ved PPT-Hå på saker der nevropsykologisk kunnskap er viktig (Resistant learners, ADHD, Tourette, Asperger, dysleksi / dyskalkuli).*
    - *Kurs for pedagogisk personell om non-verbale lærevanskar.*
    - *Kurs for PP-personell i Hå og tilgrensande kommunar i WISC-III*
- *Ressursvekeprosjektet (Bjørn Ellertsen)*
  - *Prosjektet inneber planlegging og gjennomføring av ei ressursveke i første klasse ved kvar skole i Hå kvart år. Ressursveka har som formål å skape ein best mogleg skolekvardag for alle barna. Personell frå PP-tenesta og frå*

*Kommunehelsetenesta (fysioterapeut / ergoterapeut / helsesøster) deltar som "assistentar" for klasselærarane i 1 veke. Både læringsmiljø, sosialt miljø og høve til fysisk aktivitet står i fokus. Barn som slit blir tidleg identifiserte og hjelpte utan at dei nødvendigvis blir tilviste på dette tidspunktet.*

*Prosjekt om non-verbale lærevanskar. (Bjørn Ellertsen)*

*Dette vil bli gjennomført som samarbeidsprosjekt mellom PPT-Hå og SLF. Prosjektet dreiar seg om kartlegging av omfang og grad av alvor av non-verbale lærevanskar i kommunen og om vidare utgreiing og tiltak.*

*Kartleggingsundersøking av lesevanskar på alle aktuelle klassesteg*

*Undersøking av matematikkdugleik på fleire klassesteg (prof. Snorre Ostad)*

*Samanhengen mellom matematikkvanskar og lese- og skrivevanskar (Elin Reikerås, doktorgradsprosjekt)*

*Skrivedugleik målt ved hjelp av ScriptLog (Åse Kari H. Wagner)*

*Lese- og skrivevanskar og senso-motoriske vanskar (rapportskriving) (Joel Talcott, Rolf Moe-Nilsen, Finn Egil Tønnessen)*

*Dysleksi og motorikk (Finn Egil Tønnessen, Synnøve Iversen)*

*Mindre prosjekt om lese-/skrive-/matematikk-/atferdsvanskar (mastergradsstudentar)*

- *Utvikling av nasjonale prøvar i lesing på 4.og 7. trinn (Ragnar Gees Solheim, Oddny Judith Solheim, Atle Skaftun, Marianne Røskeland)*
- *Utvikling av nasjonale prøvar i skrivning på 4., 7., 10. og 11. trinn i grunnskolen og vidaregåande skole (Ragnar Thygesen i samarbeid med Wenche Vagle, Lars Sigfred Evensen og Rolf Fasting)*
- *Lesekompetanse blant vaksne innvandrarar frå ikkje-vestlege land (Egil Gabrielsen i samarbeid med UFD og SSB)*
- *Thinking for writing: writing processes and traces of memory in bilinguals' L1 and L2 writing (Åse Kari Hansen Wagner og Per Henning Uppstad)*
- *Learning to write: processing bottlenecks in writing in Estonian, Finnish, Norwegian and Swedish. (Finn Egil Tønnessen, Oddny Judith Solheim, Per Henning Uppstad)*

Omfang: Om lag 4 årsverk

#### Utviklingsprosjekt i samband med Gi rom for lesing!

- *Gutejakt på biblioteket*

Kvalitativ oppfølging av "Fritt val"-rapporten som presenterer eit talmateriale for unge bibliotekbrukarars medielån. Målet er å gripe fatt i - og gå enda et lite skritt vidare - i arbeidet med å avdekke mønster i gutars bibliotekbruk og lesing.



- *Perlejakta*

Som eit ledd i satsinga på leseglede og leseferdigheit vil vi etablere eit sett med indikatorar/kjenneteikn for gode leseprosjekt/litteraturformidlingsprosjekt i klasseromet. Vi har kalla tiltaket Perlejakta, sidan vi ønskjer å finne fellesnemnarane for dei gode litteraturformidlingstiltaka – perlene. I prosjektplanleggingssamanheng vil dei same indikatorane ha funksjon som suksesskriteriar.

- *Boktrass*

Målet er å gje barnehagar ein komplett "lesestimuleringspakke" ved å kople TRAS, eit materiell for kartlegging av språkfunksjonar i tidleg alder, og litteraturformidlingstiltaket Bibliotekfilialar i barnehagar, ei utlånsordning for barnebøker til barnehagar. Samarbeidspartnarar: ABM-utvikling, Udir og inviterte folkebibliotek og barnehagar.

- *Leseleiarar*

Målet er å skolere og aktivisere nye og gjerne utradisjonelle litteraturformidlarar som kan delta aktivt på ulike arenaer. Leseleiarane skal bidra til å auke kunnskapen om ny og aktuell litteratur, få litteraturformidlinga ut på nye arenaer og gje litterære smakebitar til lesarar og potensielle lesarar. Samarbeidspartar: ABM-utvikling, !Les og Udir. Vi vil utvikle ei lokal gruppe med leseleiarar i tilknytning til Lesesenteret. Gruppa vil vi rekruttere blant studentar ved UiS, særleg frå vidareutdanningskursa knytt til lesing og litteraturformidling. Gruppa skal vere tiltaksbasert og frivillig, og ordninga kan vidareførast gjennom NOLES, dersom resultata er bra.

### Skriftserie

1. temahefte: Perlejakta (jfr tekst ovanfor)

2. temahefte: Bokblink (4 ulike hefte)

Bokliste, presentasjon av einskildbøker og framlegg til metodisk bruk av boka, forankra i litterær teori og lese-teori. Eit hefte til kvart av trinna 1-3, 4-7, ungdomstrinnet og vidaregåande trinn.

3. temahefte: Boktrass, bibliotekfilial i barnehagen (jfr tekst ovanfor)

4. Temahefte: Lesing og skriving på første trinn

Ein presentasjon av lese- og skriveopplæring på begynnarnivå. Heftet tek utgangspunkt i

4

av dei 5 grunnleggjande basiskompetansane som Stortingsmelding 30 skisserer:

- Å kunne uttrykkje seg munnleg
- Å kunne lese
- Å kunne uttrykkje seg skriftleg
- Å kunne bruke digitale verkty.

Vi ønskjer innspel frå fagmiljø utanom senteret til dette heftet.

Omfang: Om lag 3 årsverk

### 3.2. Undervisning og rettleiing

Senteret er ein del av Universitetet i Stavanger, og undervisning og rettleiing av studentar er derfor ein del av verksemda. Senteret har 2 årsverk som skal nyttast til undervisning og rettleiing av studentar i universitetet. For undervisning og rettleiing som går ut over omfanget av 2 årsverk, får senteret kompensasjon i form av timelærarmidlar frå dei studieprogramma som nyttar seg av tenester frå senteret. I 2005 vil senteret ha undervisning og rettleiing på desse studieeiningane:

- *Samarbeid om mastergrad i spesialpedagogikk*
- *Senteret samarbeider med Institutt for språk og litteratur om gjennomføring av masterstudium i lesevitenskap.*
- *Senteret vil samarbeide med Institutt for språk og litteratur om gjennomføring av internasjonalt masterstudium i lesevitenskap(Literacy Studies)*
- *Senteret samarbeider om undervisning om lese- og skriveopplæring og lese- og skrivevanskar i lærarutdanningane*
- *Senteret samarbeider med Senter for atferdsforskning og Institutt for allmennlærerutdanning og spesialpedagogikk om forskarutdanning i spesialpedagogikk*
- *Medarbeidarar ved senteret rettleier doktorgradsstipendiatar ved UiS, HiA, UiB, UiO og ved utanlandske universitet.*
- *Senteret samarbeider med FLEKS om kompetansegevande kurs i lesing, skriving og IKT og lesestimulering, litteraturformidling og skolebibliotek*

Omfang: Om lag 2,5 årsverk

### 3.3. Kurs og konferansar.

#### Ekstern kompetanseutvikling

- *Senteret vil åleine eller i samarbeid med andre arrangere kurs og konferansar lokalt, regionalt og på landsbasis innanfor senterets fagområde.*
- *Senteret vil også i 2005 delta med foredrag/førelsingar ved kurs og konferansar arrangert av andre fagmiljø nasjonalt og internasjonalt. Medarbeidarar ved senteret vil delta med eigne førelsingar på diverse internasjonale konferansar*
- *Senteret vil delta på nasjonale og regionale konferansar i samband med tiltaksplanen Gi rom for lesing!*

### Intern kompetanseutvikling

Denne aktiviteten omfattar følgjande tiltak: Studiereiser, deltaking på konferansar m.v. og intern kompetanseoppbygging:

- *Interne fagseminar*
- *Internt fagsamarbeid*
- *Kurs i bruk av ulike testar*
- *Deltaking på kurs og konferansar, nasjonalt og internasjonalt*

Omfang: Om lag 2 årsverk

### **3.4. Nettverksarbeid**

#### Samarbeid med barnehagar, skolar, PP-kontor m.m.

- *Samarbeidsavtalar med Hå kommune*
- *Samarbeid med barnehagar og skolar i Dalane-regionen om prosjektet "Språktråden".*
- *Samarbeid med Sametinget om*
  - *Begynnaropplæring i lesing på samisk*
  - *Utvikling av kartleggingsprøver i lesing på samisk*
  - *Utvikling av nasjonale prøver i lesing på samsisk*

#### Samarbeid innan støttesystemet:

- *Samarbeid med andre kompetansesenter – særleg sektorsamarbeid med Bredtvet og Eikelund kompetansesenter*
- *Samarbeid om vidare spreiding av TRAS, m.a. omsetjing til fleire nordiske språk og utvikling av eit nordisk TRAS-nettverk. TRAS-prosjektet er et samarbeid med Bredtvet kompetansesenter, Eikelund kompetansesenter, Institutt for spesialpedagogikk, UiO, og Senter for atferdsforskning.*

#### Samarbeid innan UH-systemet:

- *Aktiv deltaking i arbeidet med å realisere universitetsstrategien ved UiS.*
- *Fagleg samarbeid med institutt og sentra innan Det humanistiske fakultetet om undervisning og fou-arbeid*
- *Deltaking i råd, utval og faglege komitear ved UiS*
- *Fagleg samarbeid med andre universitet/høgskolar (NOLES) om utvikling av planar for kompetansegejevande kurs om grunnleggjande lese- og skriveopplæring, bibliotek og IKT*

- Vi viser til prosjektkatalogen i 3.2.1. der mange av prosjekta er samarbeidsprosjekt.

*I tillegg har senteret samarbeid på desse områda:*

- *Helseundersøkinga i Oslo. Undersøking av 10.000 barn. (Finn Egil Tønnessen)*
- *TRAS-prosjektet (Tidleg registrering av språkvanskar). Samarbeid mellom SLF, SAF, Bredtvet, Eikelund og ISP (Åse Kari Hansen Wagner og Ragnar Gees Solheim)*

#### Samarbeid med brukarorganisasjonar:

*Senteret vil også i 2005 ha samarbeid med brukarane av tenester frå senteret gjennom*

- *Norsk Dysleksiforbund, sentralt og lokalt*
- *Sentralt brukarforum*

#### Anna nettverksarbeid:

- *Medlem av referansegruppe for PISA/CIVIC/PIRLS-prosjekta (Ingolv Austad)*
- *Samarbeid/nettverksarbeid om skandinavisk/britisk prosjekt for barn med autisme og Asperger syndrom (Ann-Mari Knivsberg)*
- *Samarbeid med VOX om Forward-prosjektet (Egil Gabrielsen)*
- *Nordisk oppfølging av COST-samarbeidet (Finn Egil Tønnessen)*
- *Senteret har i mange år deltatt i NORDLES – eit nordisk nettverk for spesialpedagogikk. Samarbeidet innan NORDLES har endra seg gjennom åra og dei nordiske kontaktane som blei etablerte i NORDLES er nå trekte inn i arbeidet med å utvikle TRAS på nordisk basis. (Ragnar Gees Solheim, Åse Kari Hansen Wagner)*
- *Lesesenteret er representert i Kompetanseutviklingsnettverket for skolebibliotek (Trude Hoel)*
- *Lesesenteret er representert i NOLES-samarbeidet (Anne Håland)*

#### Samarbeid med andre fagmiljø

Denne hovudaktiviteten omfattar forskning og utviklingsarbeid:

##### *Rehabiliteringstenesta i Rogaland – Østerlide*

*Det har vore møte med nevropsykolog og fysioterapeut ved Østerlide om framtidig samarbeid med tanke på utveksling av tenester, fagleg kompetanseoppbygging i form av kasus-møte og mogleg prosjekt om barn med låg fødselsvekt. Eitt av spørsmåla som har vore drøfta, er nevropsykologisk utgreiing av barn som blir undersøkte ved SLF. Østerlide har komplett laboratorium og testteknikar. Planane vil bli tatt formelt opp mellom SLF og Østerlide. (Bjørn Ellertsen)*

Omfang: Om lag 1,5 årsverk

### 3.5. Diagnostisering og rådgjeving

Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning yter avtalefesta, faglege tenester overfor PP-kontor eventuelt i samarbeid med andre kompetansesenter. Desse tenestene har eit avgrensa omfang og vil i første rekkje dreie seg om meir kompliserte og samansette tilfelle av lese- og skrivevanskar, ofte i kombinasjon med andre vanskar. Det kan også bli aktuelt å følgje opp utgreiingar forskingsmessig.

#### Diagnostisering og framlegg til pedagogiske tiltak:

*Senteret tar i 2005 sikte på arbeide med om lag 10 einskildsaker etter tilvising frå og i samarbeid med PP-tenesta der det inngår diagnostisering og framlegg til pedagogiske tiltak. Utgreiingane vil hovudsakeleg bli gjennomførte ved senteret.*

#### Rådgjeving:

*Senteret kan, med utgangspunkt i einskildsaker, drøfte generelle sider ved diagnostisering og tiltak med fleire pp-kontor i form av arbeidsseminar. Senteret vil kunne gje generelle råd til PP-tenesta om førebygging og avhjelping av lese- og skrivevanskar. Det meste av denne generelle rådgjevinga vil skje via telefon, men det kan også i enkelte tilfelle vere aktuelt å nytte videokonferansar. Senteret vil vidareføre informasjon og rådgjeving overfor kommunar og fylkeskommunar.*

Omfang: Om lag 1 årsverk

### 3.6. Informasjonsarbeid

- *Senteret gjev ut eit fagleg informasjonsblad, SLF-Info med 2 nummer i året.*
- *Senteret deltar i eit samarbeid om nettstaden Spespedtorget ved UiS saman med Senter for atferdsforskning, Institutt for allmennlærerutdanning*
- *Senteret vil drive informasjon og kompetanseutvikling innan sitt fagområde, både gjennom tradisjonelle media og gjennom informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)*
- *Senteret har eiga internettside*

Senteret ser på informasjonsarbeid som ein viktig del av fagleg formidling både som kompetansesenter og innan universitets- og høgskolesystemet. Senteret legg stor vekt på god og oppdatert informasjon på heimesida

Omfang: Om lag 1 årsverk

Som ein del av fou-arbeidet vil medarbeidarar ved senteret publisere og formidle forskingsresultat.

- *Medarbeidarar ved senteret vil publisere artiklar i nasjonale og internasjonale tidsskrift*
- *Medarbeidarar ved senteret vil publisere bøker/bokkapittel nasjonalt og internasjonalt*
- *Senteret gjev ut eigne publikasjonar*
- *Alle prosjekt og publikasjonar blir registrerte i Forskdok-basen*

Dette arbeidet går inn som ein del av forskings- og utviklingsarbeidet.

#### 4. Fordeling av årsverk på ulike arbeidsområde

Hovudområde	Tenesteområde	Omfang	Samla omfang
1 Forsking og utviklingsarbeid			
	Doktorgradsprosjekt + rettleiing	5,6 årsverk	
	Internasjonale forskingsprosjekt	3 "	
	Nasjonale forskings- og utviklingsprosjekt	4,8 "	
	Prosjekt i samband med <i>Gi rom for lesing!</i>	4 "	17,4 årsverk
2. Undervisning og rettleiing			2,5 "
3. Kurs og konferansar	Spesialpedagogiske kurs	1 "	
	Allmennpedagogiske kurs ( <i>Gi rom for lesing!</i> )	1 "	2 "
4. Nettverksarbeid			1,5 "
5. Diagnostisering og rådgjeving			1,0 "
6. Informasjonsarbeid			0,5 "
Samla omfang av fagleg verksemd			24,9 årsverk
Samla omfang av leiingsfunksjonar og koordinatorfunksjonar			2 årsverk
Samla omfang av stabs- og støttefunksjonar			4 årsverk
Samla omfang av verksemda ved SLF			30,9 årsverk

## 5. Personal- og organisasjonsplan for Lesesenteret

Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning er ein del av Universitetet i Stavanger og har dermed drifts- og støttefunksjonar felles med universitetet. Senteret har likevel halde på ein del nødvendige støttefunksjonar, som vil bli nærmare omtalt nedanfor. Senteret har ikkje ein organisasjonsplan i eigentleg forstand, men har stillingar innanfor desse kategoriene:

- Stillingar med leiingsfunksjonar
- Stillingar med stabs- og støttefunksjonar
- Stillingar med faglege funksjonar

### 5.1 Stillingar med leiingsfunksjonar

1 senterleiar/førsteamanuensis  
med administrativt og fagleg ansvar for heile verksemda

1 avdelingsleiar/psykolog  
Områdeleiar for tiltak som nasjonalt senter for leseopplæring (§18-tiltaket)  
Assisterande senterleiar  
Faglege oppgåver

1 områdeleiar/førsteamanuensis  
med leiingsoppgåver og faglege oppgåver knytte til senterets utoverretta verksemd som spesialpedagogisk kompetansesenter

**Til saman: 3 stillingar (2 årsverk)**

### 5.2 Stabs- og støttefunksjonar

1 seniorkonsulent  
med oppgåver innan innkjøp, drift, IKT, tilrettelegging av forskingsrapportar og andre publikasjonar og med koordineringsansvar for stabs- og støttefunksjonen

1 kommunikasjonskonsulent  
med oppgåver knytte til kommunikasjon og informasjon. Stillinga er lagt til senteret, men går inn i universitetets strategi og kommunikasjonseining.

1 førstesekretær  
med oppgåver knytte til sekretærfunksjon, arkiv, post og sentralbord, assistanse i samband med innkalling til diagnostisering, innlegging av forskingsdata, informasjon om kurs, sal av faglege publikasjonar og andre oppgåver



1 konsulent

med oppgåver knytte til oppfølging av økonomi og reikneskap, fakturering i samband med kurs og publikasjonar, assistanse i samband med forskingsprosjekt og andre oppgåver

**Til saman: 4 stillingar (4 årsverk)**

### **Faglege stillingar**

Senteret vil i 2005 ha desse faglege stillingane:

#### Faste stillingar:

3 professor (+ 0,5 professor i samarbeid med Avdeling for lærarutdanning)

1 professor (50% stilling)

3 førsteamanuensis (1 i vikarstipend)

6 universitetslektor (1 i doktorgradsstipend)

**Til saman: 14 stillingar (13 årsverk)**

#### Mellombels stillingar (eksternt finansierte/vikariat):

4 professor II (20%)

3 doktorgradsstipendiatar

2 doktorgradsstipendiatar (utlyst)

1 førsteamanuensis (0,8 årsverk)

3 universitetslektor

1 prosjektassistent

**Til saman: 14 stillingar (11,9 årsverk)**

Årsverk til leining: 2 årsverk

Årsverk til administrative støttefunksjonar: 4 årsverk

Årsverk til fagleg arbeid: 24,9 årsverk.

**Samla årsverk i 2005: 30,9 årsverk**

## 6. Økonomi

Senteret er ein del av Universitetet i Stavanger, og får midlar over universitetets budsjett. Den endelege tildelinga er ikkje avgjort. Senteret legg til grunn at ordinær tildeling i 2005 blir på om lag 8,5 mill. Tildelinga til dei nye oppgåvene som nasjonalt senter for leseopplæring blir på 6 mill. Av desse går 1 mill som dekningsbidrag til Universitetet i Stavanger. Senteret reknar med å få tildelt midlar til eksternt finansierte oppdrag på om lag 8 mill.

**Samla ressurstildeling i 2005: Om lag 22.5 mill.**